

RETTLEIING TIL SAMLEREKNING FOR TANNBEHANDLING

Mangelfullt utfylte skjemaer returneres.

Oppgjer/forelding

Papirbaserte stønadskrav skal sendast ein gong i månaden.

Samlerekninga med alle undervedlegga skal sendast til HELFO i den regionen behandlaren/ klinikken tilhøyrrer.

Stønadskrav som er heimla i folketrygdlova § 5-6, må leggjast fram innan seks månader etter at kravet tidlegast kunne vore framlagt, jf. folketrygdlova § 22-13. Sjå elles mønsteravtalen punkt 4.2.

Eigendelstak 2 – frikort

Personar med frikort eigendelstak 2 skal ikkje betale godkjend eigendel for tannbehandlinga. Krav som følgje av frikortordninga blir refunderte særskilt og skal førast separat. Det vil seie at stønadskravet for pasientar med frikort tak 2 må delast i to, slik at godkjende eigendelar blir førte under Eigendelstak 2 – frikort. Refusjonsbeløpet skal førast på det innslagspunktet behandlinga gjeld. Tannlegen får dermed utbetalt både refusjonsbeløpet og eigendelsbeløpet.

Undersøking

Undersøking av kjeveortoped før behandlingsoppstart skal førast i Samlerekning under punktet Bitanomaliar – Undersøking.

Røntgen rekvirert av lege

Tannlegar som får tilvist pasientar frå lege for prøvetaking og røntgenundersøkingar, fører opp utgiftene under dette punktet.

Tannlegeerklæring ved yrkesskade

Honorering av L25 i samband med tannlegeerklæring for yrkesskade (NAV 13-00.08) skal førast særskilt.

Krigspensjon

Tannbehandling til krigspensjonistar med heimel i krigspensjoneringslovene skal førast særskilt.

Underskrift

Samlerekninga skal vere underskriven.